



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELEGE FELLESRÅD
15.05.2025 kl. 15.30 - i møterom på kyrjekontoret.

Til stades: Leif Ole Terøy, Olav Frantzen, Sigrunn Hagen Arnesen, Margunn Helgøy, Aud Grimstad, Asbjørg K. Hetlesæter og Mette Ingvaldstad (sekretær)

Forfall: Magnhild Meltveit Kleppa

Møtande varamedlemmar: Susanna Poulsen

SAK 00/25 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak:

Fellesrådet godkjenner den utsendte innkallinga og sakliste med dei endringane som blei bestemt.

-Slette sak 26/25

SAK 00/25 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 13.03.2025

Vedtak:

Fellesrådet godkjenner møteprotokoll frå møtet 13.03.2025.

SAK 18/25 ORIENTERINGAR

- Personalsituasjon
- Status arbeid Årdal gamle kyrkje
- Endre investeringstilskot
- Rekneskapsføring

Vedtak:

Orienteringar vert tekne til orientering.

SAK 19/25 ÅRSMELDING FOR HJELMELAND KYRKJELEGE FELLESRÅD 2024

Vedtak:

Årsmeldinga vedteke, med atterhald for godkjenning av revisor.

SAK 20/25 GODKJENNING AV REGNSKAPEN FOR 2024

Vedtak:

Rekneskap vedteke, med atterhald for godkjenning av revisor.

SAK 21/25 DISPONERING AV DRIFTSRESULTAT 2024

Vedtak:

Disponering av driftsresultat blir slik kyrkjevevja tilrår når revisjonsrapporten føreligg.

- Overskot i investeringsrekneskapet blir satt av til disposisjonsfond vedlikehald
- Underskot i driftsrekneskapen blir tatt av disposisjonsfond drift

SAK 22/25 GODKJENNE BUDSJETT 2025

Vedtak:

Budsjett for 2025 vert godkjent med dei endringar som følgjar av at sak 24/25 vert vedteken

SAK 23/25 INNFØRE VIPPS MED SKATTEFRÅDRAG PÅ ALLE GÅVER TIL KYRKJA

Vedtak:

Denne saka blir overført til sokneråda å behandle, da det er sokneråda som er ansvarleg for offer til sokna.

SAK 24/25 GODTGJERING TIL SOKNERÅDS- OG FELLESRÅDSMEDLEMMAR

Vedtak:

Fellesrådet 2023 – 2027 vedtek følgjande satsar for godtgjering:

Fellesrådsleiar mottek kr. 5000,- pr. år.

Soknerådsleiarane mottek kr. 5000,- pr. år.

Soknerådsmedlemmane og varamedlemmar som er tilstades på fellesrådsmøte får godtgjering pr. møte kr. 500,-.

Køyregodtgjering etter statens satsar.

Utbetaling for heile året skjer i desember.

SAK 25/25 YMSE

-Søknad om tilskot til flygel

Vedtak:

Søknad frå Hjelmeland sokneråd om tilskot til flygel vert godkjent med kr. 20 000,-.

Tilskotet blir ført frå disposisjonsfond stat.

-Neste møte er endra frå 4. september til 11. september.